




SURNADAL KOMMUNE

OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN 2024

Vedteke av kommunestyret 14.02.24



Innhold

Vedteke av kommunestyret 14.02.24	0
1 Formål.....	2
2 Mål.....	2
3 Lovheimel for beredskapsarbeidet	2
4 Hovudprinsipp – kommunerolle	3
5 Ansvarsfordeling for beredskapsarbeidet	4
5.1 Overodna mål og retningslinjer	4
5.2 Kriseleiinga	4
5.3 Beredskapsrådet.....	5
5.4 Psykososialt kriseteam.....	6
6 Oversikt over beredskapsplanar i kommunen.....	7
7 RAYVN – kriseverktøy.....	7
8 Plan for krisekommunikasjon.....	8
8.1 Mål	8
8.2 Informasjon	8
8.3 Organisering	8
8.4 Ansvar og oppgåver	9
8.5 Presse og publikumsteneste	10
9 Plan for evakuering og befolkningsvarsling.....	10
9.1 Evakueringsplan.....	11
9.2 Plan for befolkningsvarsle.....	12
9.3 Prioriterte bygningar for straumleveranse	12
10 ROS-analysar	14
11 Distribusjon av beredskapsplanverket.....	17
12 Vedlegg	17
12.1 Varslingslister.....	17
12.2 Ressursoversikt	17

1 Formål

Overordna beredskapsplan byggjer på H-ROS analysen og skal sikre at tverrsektoriell handtering av uønska hendingar er samordna. Den overordna beredskapsplanen skal vidare vere samordna med andre relevante kris- og beredskapsplanar. Styringsdokumentet for kriseleninga er eit vedlegg til den overordna beredskapsplanen. Planen er retta mot kriseleninga, og skal vere eit utfyllande oppslagsverk for å handtere dei uønska hendingane som framkjem i H-ROS analysen.

2 Mål

Surnadal kommune skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønska hendingar gjennom beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønska hendingar likevel skjer, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte. Beredskapsplanen skal sikre at beredskapsarbeidet blir gjennomført på ein slik måte at det oppfyller krava i lov og forskrift og på den måten god beredskap i heile organisasjonen. Vidare skal den sikre godt samarbeid med andre offentlege og private aktørar, og tilfredsstillande trening av personell som har rollar i beredskapsarbeidet.

Uføresette kriser og beredskap

Heilskapleg ROS-analyse skal leggast til grunn for kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap. Surnadal kommune sin ROS-analyse gir ei god oversikt over risiko og sårbarheit. Vi har ein infrastruktur og busetting som er godt rusta med tanke på beredskap og samfunnssikkerheit. Det viktige er fortsatt god planlegging som førebygger uheldige hendingar.

Det er likevel alltid ein risiko for at det kan skje uføresette kriser lokalt, nasjonalt eller internasjonalt, som kan påverke kommunens innbyggjarar, næringsliv, økonomi og tenesteyting. Kommunen må sikre ein beredskap og økonomisk bærekraft som på best mogleg måte kan handtere raske og nødvendige omstillingar. Eksempel på uføresette hendingar kan vere krig, økonomiske kriser, naturkatastrofar og pandemiar, med Covid-19 og Gyda som gode eksempel på dei to sistnemnde.

3 Lovheimel for beredskapsarbeidet

Sivilbeskyttelseslova av 25. juni 2010.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011

4 Hovudprinsipp – kommunerolle

Samfunnssikkerheit handlar om eit samfunn si evne til å ta vare på liv og helse, og dekke grunnleggande behov for innbyggjarane, samt oppretthalde viktige funksjonar under ulike påkjenningar. God samfunnssikkerheit føreset førebygging av uønskte hendingar, og beredskap som reduserer skadeverknadane når noko likevel går gale.

Kommunane er ein viktig del av den totale samfunnsberedskapen.

Alt beredskapsarbeid skal kvile på fire hovudprinsipp:

Ansvarsprinsippet:

Den sektoren/eininga/leiaren som har ansvaret i det daglege, har også ansvar for ROSanalyser, skadeførebygging og beredskapstiltak.

- Nærleikprinsippet:

Kriser bør handterast på lavast moglege myndigheitsnivå

- Likskapsprinsippet:

Organisasjonen som skal handtere ei krise eller ulykkeshending, bør vere mest muleg lik den organisasjonsstrukturen som ein har ved normal drift.

- Samvirkeprinsippet:

Myndigkeit, verksemd eller eining har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Ein beredskapsplan blir definert som «førebudde handlingar for å møte ulykker og andre uønskte hendingar ut over det som blir rekna om normalrisiko og normalpåkjenning».

Surnadal kommune har ansvar for å foreta ROS-analysar og innarbeide god krisehandteringsevne i samfunnsplanlegginga:

1. Sette mål og forplikte organisasjonen gjennom vedtak i styrande organ.
2. Utvikle kartlegging og krisehandteringsevne gjennom relevante undersøkingar/planar/opplæring/godt utstyr og øvingar i einingane og i den administrative organisasjonen.
3. Utarbeide beredskapsplanar for situasjonar der den ordinære organisasjonen ikkje er tilstrekkeleg
4. Evaluere og utvikle arbeidet gjennom faste rutinar for ajourhald og revisjon.

5 Ansvarsfordeling for beredskapsarbeidet

5.1 Overodna mål og retningslinjer

Kommunestyret vedtek overordna mål og retningsliner for alt kommunalt arbeid som har med samfunnssikkerheit, krise og beredskap å gjere.

5.2 Kriseliinga

Kriseliinga i Surnadal kommune er kommunen sitt operative styringsorgan for å handtere samfunnsmessige alvorlege og uføresette hendingar som større ulykker, skred, sterk vind, flaum m.m.

Kriseliinga er samansett av:

- Ordførar (leiari)
- Varaordførar
- Kommunedirektør
- Assisterande kommunedirektør/ kommunalsjef helse- og omsorg
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef samfunn
- Kommuneoverlege
- Beredskapskoordinator
- Brannsjefen
- Kommunikasjons- og RAYVN-ansvarleg
- Stasjonssjefen på Surnadal politistasjon

Andre deltarar

Medlemmar som ikkje er faste kan bli kalla inn og tiltre under heile eller delar av kriseliinga sitt arbeid. Leiari kan ut over dette supplere og forsterke kriseliing med personar med nødvendig fagkompetanse ut i frå situasjonen. Medlemmer kan bli nytta til andre oppgåver om deira fagrolle vert avgrensa i ein konkret hending.

Kriseliinga si oppgåve er mellom anna rapportering til stasforvaltaren, skaffa oversyn, ta avgjerder om tiltak og planar, prioritera bruk av tilgjengelege ressursar og syte for informasjon til innbyggjarar og media.

Kriseliinga kan nytte inntil kr 1 000 000 utan særskild løyving i budsjettet til rednings- og skadereduserande tiltak i ein akuttsituasjon. Denne fullmakta er gitt ved kommunestyrevedtak den 24.06.1999 med heimel i kommunelova § 13.

Det er ikkje utpeika vararepresentantar til den kommunale kriseleiinga, då kriseleiinga er breitt samansett.

Ordførar har det overordna ansvaret og er leiar i kriseleiinga. Ordførar er også kommunen sitt ansikt utad i ein krisesituasjon. Det kan likevel oppstå situasjonar der sektorleiar må informere om situasjonen på sin sektor.

Kommunedirektør skal følgje opp dei overordna måla for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på tenestenivå og er mellom anna ansvarleg for å koordinere aktivitetane i kommuneorganisasjonen.

Beredskapskoordinatoren er ein fagansvarleg som på vegne av kommunedirektøren og ordførar følger opp og koordinerer arbeidet med beredskapen i Surnadal kommune.

Beredskapskoordinator har følgande funksjonar:

- Syte for at beredskapsarbeidet vert gjort kjend i organisasjonen.
- Ta initiativ til arbeid med identifisering av risiko, gjennomføring av ROS- analysar og etablering av rutinar.
- Delta i kriseleiinga.
- Vere oppdatert på beredskapsarbeid.
- Vere kontaktperson mot Statsforvaltaren i det praktiske beredskapsarbeidet.

Kvar enkelt einingsleiar er ansvarleg for at:

- beredskapsplanar knytt til verksemda blir ajourført og gjort kjend.
- planverk blir gjennomgått éin gong i året på personalmøte.
- risiko og sårbarheitsanalyser som vedkjem verksemda blir gjennomført.

5.3 Beredskapsrådet

Beredskapsråd er eit samordningsorgan som har medlemmar frå kommunen, frivillige organisasjonar, lokale statlege organ og forsvar/sivilforsvar.

Ordføraren er leiar av beredskapsrådet og sørger for innkalling, sjå varslingsliste. Beredskapsrådet, som er eit rådgivande organ, blir kalla inn når beredskapsrådet sin leiar (ordføraren) eller kommunedirektøren bestemmer det.

Beredskapsrådet i Surnadal kommune er sett saman slik:

- Ordførar (leiar)
- Kommunedirektør
- Beredskapskoordinator
- Brannsjefen

- Seksjonsleiar Ambulansen for Sunndal, Surnadal og Nesset
- Kommunikasjons- og RAYVN-ansvarleg
- S-nett (Svorka) v/ beredskapskoordinator
- Surnadal politistasjon
- Mattilsynet
- HV-områdesjefen
- Jordbrukskjefen
- Skogbrukskjefen
- Kommuneoverlegen
- Leiar for NAV
- Presten i Surnadal
- Surnadal Røde Kors
- Sanitetsforeiningane v/beredskapskontakt
- Sivilforsvaret

Beredskapsrådet skal vere eit forum for samarbeid og gjensidig informasjon om dei einiske gruppene sin beredskapsmessige status. Beredskapsrådet skal møtast minst annakvart år.

Aktuelle tema som kan drøftast/presenterast i beredskapsrådet er:

- Risiko- og sårbarheitsanalyser
- Gjensidig orientering om beredskapsarbeid, og informasjon om aktivitetar som styrker samarbeidet
- Planlagte øvingar og evalueringar
- Avklare kven som har ansvar for kva
- Presentasjon og diskusjon av beredskapsplanar
- Gjennomgang av eventuelle tilsynsrapportar

5.4 Psykososialt kriseteam

Temaet består av:

- Psykiatrisk sykepleier/fagkoordinator psykisk helse og rus Anita F. Melkild
- **Prest Vidar Rygh**
- Kontorleiar PPT Turid Hals Sæther
- Aktivitetskontakt psykisk helse og rus Linda Margareth Øye
- Kommuneoverlege Bjørn Buan
- Politistasjonssjef Olav Halse

Leiar er psyk. spl./fagkoordinator psykisk helse og rus Anita F. Melkild.

6 Oversikt over beredskapsplanar i kommunen

Utdrag frå Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 Beredskapsplan:

”...Kommunens overordnede beredskapsplan skal samordne og integrere øvrige beredskapsplaner i kommunen. Den skal også være samordnet med andre relevante offentlige og private krise- og beredskapsplaner.”

Under følger ei oversikt over beredskapsplanar og -dokument i kommunen.

Beredskapsdokument	Saksbehandlar
Styringsdokument	Beredskapskoordinator
Plan for risiko og sårbarheitsanalyse	Beredskapskoordinator
Overordna beredskapsplan	Beredskapskoordinator
Varslingsliste	Beredskapskoordinator
Plan for helse- og sosialmessig beredskap	Kommuneoverlegen
Smittevernplan	Kommuneoverlegen
Plan for sikkerheit og beredskap i vassforsyninga	Einingsleiar teknisk drift
Beredskapsplan mot akutt forureining	Brannsjefen
Beredskapsplan for skogbrannvernet	Brannsjefen
Beredskapsplan for oppvekst	Kommunalsjef oppvekst
Retningsliner for psykososialt kriseteam	Psykiatrisk sjukepleiar
Samarbeidsavtale med Surnadal Røde Kors	Beredskapskoordinator
Samarbeidsavtale om beredskap mellom Surnadal kommune og sanitetsforeiningane i Todalen og Surnadal	Beredskapskoordinator
Beredskapsavtale med Thon Hotel Surnadal	Beredskapskoordinator
Gjensidig bistandsavtale mellom brann- og redningsvesen i Heim, Rindal og Surnadal	Brannsjefen

Oversikt over andre offentlege eller private kriseplanar

Beredskapsdokument	Saksbehandlar
Styringsdokument	Statens vegvesen
Samarbeid om beredskap mot akutt forureining på Nordmøre, vedtekter og operativ delplan	Nordmøre IAU (NIUA)

7 RAYVN – kriseverktøy

Surnadal kommune fekk i 2023 eit nytt elektronisk krisestøtteverktøy. Med RAYVN får alle i Surnadal kommune sitt beredskapsnettverk raskt oversikt over situasjonen når ei kritisk

hending oppstår. Det er ikkje nødvendig å sende ut separate e-postar eller ringe nokon, for alle får automatisk dei siste oppdateringane på ein felles stad.

Ei av dei viktigaste fordelane med RAYVN-løysinga er at den er enkel å ta i bruk. Brukarane er raskt i stand til å utnytte situasjonen til å løyse hendingar, og det er lagt godt til rette for samvirke mellom ulike eininger og aktørar.

Surnadal kommune vel først og fremst å nytte RAYVN som eit reindyrka krisestøtteverktøy for loggføring, meldingsformidling, samhandling og rapportering, mens hovudlagringsområdet for beredskapsplanar blir lagt i public 360.

8 Plan for krisekommunikasjon

8.1 Mål

Kommunen skal ved kriser kunne informere media, eigne tilsette og kommunen sine innbyggjarar på ein god måte. Dette er kriseleiinga sitt ansvar. Det er viktig å ha god kontroll og styring med informasjonen.

8.2 Informasjon

For å sikre at informasjonen som kommunen gir i ein krisesituasjon når riktige grupper og gir den ønska effekten:

- Ordføraren vere ansvarleg for all informasjon som blir gitt av kriseleiinga og den som uttalar seg på vegne av kommunen.
- Informasjonen blir gitt til faste tider eller etter avtale.
- Ansvarleg for media skal ikkje gje intervju til media eller gå inn i ein spørsmål/svarsituasjon i samband med orientering om krisa.
- Næraste pårørande har førsterett på opplysningar frå ulukka/ krisa og informasjon knytt til personar skal derfor skjermast.

8.3 Organisering

Ved kriser, eller når situasjonen er uoversiktleg, kan informasjonstenesta etablerast heilt eller delvis, eventuelt med ei gradvis opptrapping. Dette for å skaffe oversikt over situasjonen og vere i forkant av eit aukande informasjonsbehov. Ved spesielle situasjonar kan det bli tale om døgndrift.

I samanheng med beredskap er det berre godkjent informasjon frå kriseleiinga som skal formidlast. Dette av omsyn til innbyggjarane si sikkerheit og handteringen av krisesituasjonen. Digitale media gjer at formidlinga av nyheter har eit langt raskare tempo i dag enn tidlegare. Vidare representerer utbreiinga av sosiale media innan nyhendeformidling både ein ressurs og ei utfordring for handtering, koordinering og sikring av informasjon.

8.4 Ansvar og oppgåver

Kriseleiinga tek omsyn til dette i organiseringa av informasjonsarbeidet. Kriseleiinga v/ ordførar er ansvarleg for informasjonstenesta. Som informasjonssekretariatet har informasjonsrådgjevar og leiar av eininga Informasjon og service kvar sine ansvarsområde:

Roller og ansvar

Leiar av personal og stab har ansvar for å:

- bemanne servicetorg (telefon og mottak, førstelinje).
- legge til rette teknisk infrastruktur (telefon og nettverk).
- rigge til beredskapsrommet.

Kommunikasjonsansvarleg skal:

- koordinere intern og ekstern informasjon.
- oppdatere informasjon mellom kriseleiing og sørvistorg.
- analysera og fastslå behovet for informasjon undervegs (medieovervaking).

Kort oppsummert vil vi på bakgrunn av tidlegare erfaringar konkludere med at:

- Informasjons- og pressearbeidet blir leia av éin person.
- Gje gode kjøreregler for kven som skal gje informasjon om kva.
- Vere i forkant med omsyn til å kalle inn til pressekonferanse og nytte pressemeldingar.
- Arrangere folkemøte for å få kommunisert direkte med befolkninga.
- Bruk heimesider, kommunen si offisielle facebook-side, e-post, telefon og radio til å informere innbyggjarane.

Arbeidsoppgåver

- Innhente opplysningar om situasjonen og rapportere vidare til kriseleiinga.
- Informere om farlige situasjoner som kan oppstå, og bidra til å hindre ytterligere skade.
- Informere om helsemessige og sosiale forhold, ressurssituasjon, energispørsmål, kommunikasjon osv.
- I samråd med politiet:
 - Gi informasjon til publikum/pårørande under og etter krisa.
 - Gi informasjon til innbyggjarane om situasjonen.
 - Informere media.
 - Gi media informasjon om pressekonferanse.
 - Utlevere pressemeldinger fra kriseleiinga.

- Vise mediepersonar til opphaldsrom der dei kan vente på ny informasjon.
- Informere eigne tilsette.

Støttefunksjonar

For å konkretisere ansvar, oppgåver og forventa utføring er det utvikla følgande støttefunksjonar:

- Presse- og informasjonssenter, sjå 4.5.
- Publikumsteneste på telefon, e-post og frammøte, sjå punkt 4.5.
- Evakuerte og pårørandesenter (EPS), sjå punkt 6.

8.5 Presse og publikumsteneste

Det bør peikast ut nok personar til at senteret for presse- og publikumsteneste kan driftast på døgnbasis. Dersom krisa/ katastrofen har ei slik geografisk plassering at det er meir hensiktsmessig å etablere seg i andre lokale, skal kriseleiinga vurdere kor dette skal etablerast. Informasjonsleiinga dimensjonerer bemanning etter behov og er ansvarleg for drift av presse- og publikumsteneste for å sikre følgande:

- Etablere presse- og publikumsteneste i tråd med vedtak i kriseleiinga.
- Legge forholda til rette for media slik at pressa får tilgang til informasjon.
- Sende ut godkjente pressemeldingar og invitere til eventuelle pressekonferansar.
- Notere alle henvendingar i eigen logg.
- Ta i mot viktige meldingar og bringe desse til journalfører i kriseleiinga.
- Føre oversikt over presserrepresentantar som har vore innom pressesenteret.
- Registrere informasjonsbehov på eigen flippover.
- Sette opp vaktlister og foreslå bemanning overfor informasjonsleiar.
- Etablere publikumstenesta i tråd med vedtak i kriseleiinga.
- Handtere henvendingar frå publikum på ein korrekt, effektiv og omsynsfull måte.
- og sjå til at berre godkjent informasjon blir gitt
- Sjå til at viktige meldingar blir sendt til loggførar i kriseleiinga sitt sekretariat
- Skaffe oversikt over aktuelle telefonnummer/adresser som kan vidareformidlast til publikum.
- Handtere vaktlister og foreslå bemanning

Utstyr presse- og informasjonssenter:

- Telefon og telefaks. PC med internett og skrivar
- Radio, TV, kopimaskin, prosjektør, lerret, flippover, pekestokk mv.
- Tilgang til sanitær og mat
- Flippover/tavle til oversikt for viktige meldingar og anna

9 Plan for evakuering og befolkningsvarsling

I forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 pkt. d (2011) framgår det at kommunen skal ha evakueringsplanar og plan for befolkningsvarslel som ein del av overordna beredskapsplan. Ansvarsforholda er forskjellige i fred og krig.

I ROS-analysn er det peika på kor viktig det er å ha gode varslings- og evakueringsrutinar.

Surnadal kommune har Gemini-varsling til bruk for å varsle innbyggjarane, eit system som primært er bruka i samband med arbeid på vassnettet. Denne varslinga kan og nyttast til beredskapsvarsling.

Ved straumbortfall vil både kommunen sine ordinære telefonsystem (fasttelefon) og mobiltelefonar etter kvart falle ut. Skadeavgrensande tiltak vil vere å bruke alternativt samband som inkluderer:

- bruk av kommunen sine satellitt-telefonar
- innfasing av nødnett i kommunen sine beredskapsfunksjonar
- bruk av private jakttelefonar.

Også nasjonale og lokale radiostasjonar vil kunne vere nyttige medspelarar i slike situasjonar.

9.1 Evakueringsplan

Det er politiet/Lokal redningssentral (LRS) som iverksett og leier evakuering av personer frå eit skadeområde eller eit utsett område i kommunen til eit anna område i eller utanfor kommunen (Politilovens § 27). I ein krigssituasjon kan også Statsforvaltaren iverksette evakuering. Evakueringsplanen omfattar også evakuering ved krig eller når krig truer. Politiet og kommunen er hovedaktørar i ein evakueringssituasjon.

I en evakueringssituasjon har kommunen eit hovudansvar for etablering og drift av eit evakueringssenter og eventuell innkvartering og forpleining. Kommunens beredskapsleiing leier arbeidet frå kommunens side og vil kunne be om hjelp frå evakueringstenesta, frivillige, Sivilforsvaret med fleire.

Hovedoppgåver for kommunen er å:

- Bistå politiet med evakuering og saman med politi/LRS skaffe til veie nødvendig transportkapasitet frå skadestad/omgivelser til mottakssentralar og evt. vidare til innkvarteringsstad.
- Varsle mottaksstad og etablere mottaksapparat.
- Registrere eventuelle skadar og prioritere den medisinske innsatsen (triage).
- Registrere dei som blir evakuert og eventuelt kven som blir evakuert kor, kven som flytter på eiga hand m.v.
- Gi psykososial omsorg og samtaletjenester.
- Sørge for forpleining og forlegning.
- Legge til rette for gjenforening med pårørande.
- Tilby tolketjenester

Det er inngått avtale med Thon Hotel Surnadal som hovedstad for å etablere EPS i kommunen. Surnadal kulturhus er eit alternativt lokale. Kommunen må også være forberedt på å opprette EPS i eit ikkje planlagt lokale ut frå direktiv frå redningsleiinga.

9.2 Plan for befolkningsvarsle

Det er i utgangspunktet politiet som iverksetter befolkningsvarsling for eksempel ved hjelp av sivilforsvarets tyfonanlegg (slike anlegg har vi ikkje her i kommunen) og NRK P1 «Viktig melding, lytt på radio».

Gode rutiner for befolkningsvarsle kan ha avgjerande skadeforebyggande og skadebegrensande betydning. Denne planen gir derfor ei oversikt over korleis kommunen kan varsle innbyggjarane utover det som blir gjeve frå andre myndigheter, for eksempel via media. Ein viktig kanal å halde innbyggjarar informert på er gjennom kommunens profil på facebook og kommunens heimeside. Ein føresetnad er at teknikken fungerer og at innbyggjarane har tilgang til internett.

Det er fleire måtar å varsle innbyggjarar i kommunen på viss ikkje informasjon via internett og massemedia er tilstrekkeleg. Det kan vere å distribuere brev i postkassene, informasjonsmøte, plakatoppslag, via skulane til elevane, ved høgtalarbiler, ved å oppsøke husstandar mv.

9.3 Prioriterte bygningar for straumleveranse

Dersom straumtilførselen blir redusert og det må innførast sonevis utkopling, skal S-nett AS (Svorka) prioritere desse bygningane:

1 Liv og helse

- Pleie- og omsorg:
 - Surnadal sjukeheim (har eige aggregat)
 - Omsorgsboligane, Bårdshaugen
- Bu- og aktivitet:
 - Sommerrotunet aktivitetshus, Røssmovegen 26
 - Fire boligar, Røssmovegen 4, 6, 28 og 34
 - To boligar, Bårdshaugvn. 6 og 14
 - Tre boligar, Leitet 30, 32 og 36

2 Vitale samfunnsinteresser innafor administrasjon og forvaltning, informasjon, tryggleik, infrastruktur, forsyningar m.m.

- Kommunehuset
- Surnadal kulturhus
- Skulane:
 - Øye barn og ungdomsskule, Øye, 6650 Surnadal

- Barnehagane:
 - Øye og Solbakken barnehage, 6650 Surnadal
 - Bårdshaugen barnehage, Skei, 6650 Surnadal
- Nordmøre folkehøgskule, Skei, 6650 Surnadal

VAINT – Vaksenopplæring og integrering på Øye

3 Næringsliv / økonomiske interesser

- Domus Senteret Surnadal v/ Extra, Skei, 6650 Surnadal
- Fokusbygget, Skei, 6650 Surnadal
- Esso Oljeservice Surnadal, Skei, 6650 Surnadal
- Hydro Texaco Surnadal, Skei, 6650 Surnadal
- Apotekbygget, Amfi, 6650 Surnadal
- Thon Hotel Surnadal, Skei, 6650 Surnadal
- Sparebank 1 Nordmøre, Skei, 6650 Surnadal

4 Verksemder som kan koplast ut sonevis eller periodisk

Bygningar som S-nett AS av praktiske årsakar ikkje kan prioritere ved sonevis utkopling:

- Skular og barnehagar
 - Surnadal vidaregåande skule, Øye, 6650 Surnadal
 - Surnadal idrettshall, Øye, 6650 Surnadal (dersom tilflytting)
 - Mo oppvekstsenter, 6653 Øvre Surnadal
 - Stangvik oppvekstsenter, Melhus, 6640 Kvanne
 - Bæverfjord oppvekstsenter, 6660 Bæverfjord
 - Bøfjorden barnehage, Bøfjorden, 6643 Bøfjorden
 - Midtigrenda barnehage, Midtigrenda, 6650 Surnadal
- Røv Mølle A/S, Røv, 6653 Øvre Surnadal
- Vassverk:
 - Holtamoen, 6650 Surnadal
 - Sæterbø-Holten, 6660 Bæverfjord
 - Bøfjorden vassverk, Bøfjorden, 6643 Bøfjorden

10 ROS-analysar

Surnadal kommune har i heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i 2024, herunder kartlegge og systematiser vurdert sannsynlegheita for uønska hendingar som kan inntreffe i kommunen og korleis desse kan påverke kommunen.

Under er ei oversikt over aktuelle hendingar som det i ROS-analysen er utarbeidd eit risikobilde over. Under er ei oppsummering av aktuelle tiltak for kvar ei hending som er opplista. Det kjem fram av tabellen kva område som er gitt ein prioritet. Ved rullering av handlingsdelen vil nye vurderingar av tiltaka og prioriteringar bli gjort.

Hendingar	Forslag til tiltak	Prioritering
1. Storulykyke med fleire skadde	Hastighetsrestriksjonar på utsette vegstrekningar ved behov. Øvingar/samverkeøvingar for nødetatar på aktuelle scenario Sikre oppdaterte ROS-analyser og beredskapsplaner for nødetatar.	
2. Utfall i mobilnettet	<p>Den enkelte verksemda må ha beredskapsplanar og varslingsrutiner for bortfall av mobiltelefoni.</p> <p>Kommunikasjonsbehov må kartleggast og alternative kommunikasjonsmetodar må vurderast. Alternative kommunikasjonsmetodar:</p> <ul style="list-style-type: none">• For kritiske tjenester bør verksemda vurdere å ha et antall innkjøpte SIM-kort fra sekundær operatør (Telia) i beredskap. <p>Alternative kommunikasjonskanalar</p> <ul style="list-style-type: none">• Telefoni via internett (wifi-tale) vart brukt ved hendinga 10.05.22, men må innarbeidast som ei rutine i einingane.• Standardisere på best eigna alternative kommunikasjonskanal. Lage rutinar for kva kanal ein brukar i ulike situasjonar opp mot ulike målgrupper.• Vurdere system for «manuell varsling» <p>Vurdere teleselskapa sitt tilbod om høgare driftssikkerheit, men det kostar ekstra.</p> <ul style="list-style-type: none">• I dag er både fiber (datanett) og mobilnett (telenett) godt utbreidt i kommunen. <p>Det eine alternativet kan ofte ta over for det andre ved bortfall, og dette må innarbeidast i rutinane blant tilsette for på best mogleg måte å vere operativ.</p> <p>Utarbeide ferdige malar for SMS-varsling av innbyggjarane for kvart tenkte scenario - sjekke lokalt behov opp mot nasjonalt varslingssystem som vel no er på plass.</p> <p>Utarbeide informasjonsplakat/plansje som ligg klar til bruk i faste kontaktpunkt i heile kommunen – ved bortfall av telekom/internett (viser oppmøteplassar, alternativ tenestelevering, kven-gjer-kva, osb)</p>	
3. Digitalt angrep mot e-kom-infrastruktur	Alle tjenesteeigarar må gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar for å kartlegge korleis bortfall av elektronisk kommunikasjon vil ramme innanfor eige ansvarsområde. På bakgrunn av ROS-analysen må tjenesteeigarar utarbeide kontinuitetsplanar.	

4. Bortfall av elektrisk kraft, svikt/ stans i energiforsyninga	Ny ROS på nødstrøm på sjukeheimen og omsorgsbustader. Plan for befolkningsvarsling om internett og telefon er borte. NRK, oppslag osv. Inngå ny avtale med Svorka AS om mobilt aggregat.	
5. Flaum i elver og bekkar	Oppdatere flaumsonekartet. Gjennomføre nødvendige tiltak for elveforbygninger. Gjennomføre ei øving for nødetatar og kommuneleiing med flaum som tema. Innkjøp av drone. Unngå lagring av rundballar m.m. langs vassdraga våre. Skjøtsel av vegetasjon langs elvane. Jamnleg rensing av stikkrenner og kummer.	
6. Skred	Kommunen må bruke de mulighetene som bl.a. plan- og bygningsloven gir til å styre framtidig bebyggelse unna områder som er utsatt for skred av noen art. Basis for rasvurderinger er aktsomheitskart frå NVE Atlas. Tilgang på kartverk i planverket som viser omkjøringsmoglegheit. Ha tilgang til drone Før opprydding i rasområde – avklare vidare rasfare.	
7. Storbrann	Følge opp prosjekt KlimaROS (som Surnadal kommune, Ørsta og Hustadvika er med på). Hyppigare tilsyn i område med tett trehusbebyggelse, f.eks kvart 2. år. Hyppige tilsyn hos brukarar som tilhører risikogrupper og bor i bufellesskap, eller bor der det er tett trehusbebyggelse. Auke «Trygg hjemme» ressursane i brannvesenet.	
8. Atomhending	Info til befolkninga på kommunens heimesider knytt til atomberedskap.	
9. Pandemi	Ha oppdaterte pandemi- og smittevernplanar, som inneholder konkrete beskrivelser. Kontinuitetsplanar. Legge til rette for ulike mulegheiter for isolasjon/ luftvegs poliklinikk Læringspunkt frå evaluering av koronapandemien frå einingsleiarane. Læringspunkt frå evaluering av koronapandemien frå einingsleiarane: <ul style="list-style-type: none"> • Oppdatere plan for kriseinformasjon ved uønskt hending som vedvarar over lang tid. • Forsterke opplevinga av felles informasjon og god informasjonsflyt i heile organisasjonen. • Gjennomføre fysiske/konkrete øvingar for avklaring av risikoreduserande tiltak for langt på veg å kunne oppretthalde tenestetilbod – med særleg fokus på sårbarer grupper/barn og unge. • Sikre eit felles ansvarsnivå for beslutningar av og formidling om nedstenging av tenester/grad av nedstenging. • Forsterke og førebu tilsette i møte med raskt auka ansvar/auka ansvarskjensle – førebygge belastning på enkeltpersonar. 	
10. Skogbrann som trugar bygingar og anlegg	Auka fokus på arbeid med skogbrannberedskap, areal- og reguleringsplanar i område der skog, bygningsmasse og infrastruktur heng saman.	

	<p>Samarbeid med Skogbrand Forsikring om retningslinjer for Kommunen «Pålagt vakthald etter skogbrann»</p> <p>Samarbeid med Skogbrand Forsikring om godkjenning av bål plasser</p> <p>Regulere og informere om ferdsel inn i utsatte skogområde Grunneigar/kommune ved høg skogbrannfare</p> <p>Informasjon om forebyggende (skog)brannberedskap i Kommunen/Brannvesen barnehage (5.åringer) og skole (6.klasse)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vedlikehald av skogsbilvegar for å lette adkomst for brannvesen og forsterkningsressursar - Tilpassa kantslåing langs riksvegar og kommunale vegar viss det er skogbrannfare - Opplæring i slukking av skogbrann (ISO sertifisering) og tilgang til nødvendig slukkeutstyr for skogsentrepreneurar/skogsarbeidere - Gå til innkjøp /benytte droner innsats ved skogbrann 	
11. Pågående livstruande vald	<p>Antatte mål for PLIVO-hendelser må samtrene med nødetatene. (Skular, barnehagar, kjøpesentre, flyktningemottak m.m.).</p> <p>Kommunens kriseleiing og leinga for oppvekst må delta på PLIVO-øvelser</p>	
12. Forsyning av mat, medisinar og drivstoff. Matmangel	<p>Plan for rasjonering av drivstoff på bensinstasjonene eller å opprette eige beredskapslager for drivstoff.</p> <p>Avtale med butikkar om rasjonering og/eller utdeling av mat og andre varer.</p>	
13. Tilstrømming av flyktningar	<ul style="list-style-type: none"> • Ha oppdaterte smittevernplanar, som inneholder konkrete beskrivelsar. • Legge til rette for ulike mulegheiter for isolasjon av mulege personar med smitte. • Oppdatere plan for helse- og sosialmessig beredskap. • Vurdere behovet for tilgjengeleg feltsenger og madrassar. 	

Kommunen sitt beredskapsplanverk skal til ein kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast ein gong i året, jf. Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6.

Beredskapskoordinator har ansvaret for dette arbeidet. Redaksjonelle endringar, som oppdatering av varslingslister, ressursoversikt, endring av namn, roller, telefon nr. m.m. skal gjerast fortløpende av beredskapskoordinator.

11 Distribusjon av beredskapsplanverket

Fylgjande instansar skal ha oversendt planen:

- Kriseleiinga
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Politistasjonen i Surnadal

12 Vedlegg

12.1 Varslingslister

Det er utarbeidd varslingslister som gjeld for beredskapsplanen og Plan for sosial- og helsemessig beredskap. Varslingslistene er samla i eit eige dokument, *Varslingslister og ressursoversikt*, som blir revidert jamnleg. Listene inneheld lister over:

- Kriseleiinga
- Informasjon og service (krisesekretariatet)
- Varslingsliste for psykososialt kriseteam
- Varslingsliste for helse- og sosialtenesta
- Varslingsliste for ikkje-kommunalt nøkkelpersonell i og utanfor kommunen
- Varslingsliste for frivillige organisasjonar i kommunen
- Personar som snakkar framande språk
- Varsling av innbyggjarane

12.2 Ressursoversikt

I forskrift om kommunal beredskapsplikt står det at kommunen sin beredskapsplan skal **innehalde ei ressursoversikt med opplysningar om kva for ressursar kommunen sjølv rår** over og kva for viktige ressursar som er tilgjengeleg hos andre aktørar ved uønska hendingar.

Surnadal kommune har mykje tilgjengeleg utstyr sjølve til bruk i ein krisesituasjon. Gjennom samarbeidsavtalen med Røde Kors er også mykje utstyr gjort tilgjengeleg. Sivilforsvaret har også mannskap og ressursar som kan vere aktuelle å ta i bruk.

Private entreprenørar sit og med mykje utstyr som det kan vere aktuelt å rekvirere ved større naturhendingar. Det same gjeld utsyr som drivarar innafor landbruksnæringa har til disposisjon. Mange av dei har også eigne strømagggregat. Dette er aktørar som vi kjenner til, og som vi kan kontakte om det skulle bli behov.

Oversikt over kontaktpersonar er gitt i dokumentet *Varslingslister og ressursoversikt*.